

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

12. søndag i treeiningstida – 31. august 2014

Preiketekst: Neh 9,19-21

Lesetekst I: Hebr 13,5-6

Lesetekst II: Matt 6,24-34

Guds uendelege omsorg for sine

Innleiing

Nehemjas bok er nok ikkje mellom dei mest kjende bøkene i Bibelen. Sikkert er det likevel at denne forteljinga har sin naturlege plass i jødefolket si historie. Boka står rett etter Esras bok og heng saman med denne. I gamle hebraiske biblar høyrde dei to saman i éi bok.

Vi er her i tida etter at jødane hadde vendt attende frå eksilet i Babylon, i åra 538-445 f. Kr. Medan Esras bok mellom anna fortel om gjenreisninga av templet i Jerusalem, les vi hos Nehemja, som blei statthaldar i Juda, at jødane byggjer opp igjen forsvarsmuren rundt byen. Begge bøkene fortel om den motstanden dei møtte som sto i arbeidet med gjenoppbygginga. Begge fortel òg om ei åndeleg fornying av gudsdyrkinga.

Syndsvedkjenning og omvending

Noko av det første folket gjer når dei er tilbake i landet sitt, er å byggje altar i Jerusalem og ta opp att offertenesta. Når templet er reist og bymuren fullført, les Esra opp Guds lov for folket. Så vedkjenner dei syndene sine og vender om på ny til Herren, sin Gud.

Mellom anna tek dei opp att feiringa av løvhyttefesten, Neh 8,13 ff. Denne høgtida har dei ikkje halde sidan Josva si tid, jamvel om Gud i 3 Mosebok 23, 33 ff pålegg jødane å feire løvhyttefesten kvart år i all framtid.

Israels Gud – trufast i fortid, notid og framtid

I denne samanhengen står teksten vår. Folket lovpriser Herren som har vist dei miskunn, òg då dei sjølve var trulause. Han gjorde vél mot dei og forfedrane deira, som då folket levde under harde kår i ørkenen på heimveg frå Egypt. Liknande vitnemål om Herrens velgjerningar finn vi mange stader i Bibelen, til dømes i 5 Mos 26,5 ff og i Salmane.

Desse velgjerningane var ofte reine under, som ikkje kunne skje på naturleg vis. At mannaen heldt fram kvar morgon heilt til dei var komne inn i Landet og kunne hauste av grøda der, at dei fekk vatn ut av fjellet og at kleida deira ikkje blei utslitne – slike opplevingar er jo ikkje verka av naturlovene! Folket minnes òg at Herrens ande var med dei og leia dei dag og natt - i skystøtta og ildsøyla.

For jødane var – og er – Guds miskunn i tidlegare tider ikkje berre historie. Det blir hugsa med visse og forventning om at Gud er den same i dag. Det er òg den budskapen Bibelen held tydeleg fram.

Gud står ved dei løfta han har gjeve, og han styrer planen sin tvers igjennom vanskelege tilhøve og menneskeleg motstand. Han har full kontroll. Difor er han til å lite på.

Ein forkynnar har sagt det slik:

«Ikkje fortel Gud kor store problem du har – fortel problema dine kor stor ein Gud du har!»
Og frå den første og legendariske statsministeren i Israel frå 1948, David Ben Gurion, har vi utsegna: «Skal ein vere realist i Israel, må ein tru på under!»

«Søk først Guds rike...»

Jesus tek opp dei same tankane i Bergpreika, som lesetekst 2 er henta ifrå. Han oppmodar til å stole på Gud og ikkje uroe seg. Gud syter for både fuglane under himmelen og liljene på marka, ja han kler tilmed graset - «ugraset» - som blir rydda bort og brent opp! Den logiske slutningen er då at Gud sjølv sagt tek seg av krona på skaparverket – mennesket, og syter for alt det treng til. Difor er uro for dei daglege tinga og for framtida eit uttrykk for manglande tillit til Herren. Heidningane, som ikkje kjenner Gud, dei er ottefulle, medan Guds folk lit på han i alle situasjonar, nett slik barnet lit på far og mor. Slik skulle det vere!

I leseteksten frå Hebrear brevet kjem oppmodinga til å stole på Herren saman med åtvaringa mot å la seg styre av kjærleik til pengar. Ein skal heller vere takksam og la seg nøye med det ein har. I den vestlege velstandskulturen vår kan ein vel ikkje seie dette sterkt nok. Det handlar om kvar vi har fokuset vårt og korleis vi innrettar liva våre. Vi treng å ta det inn over oss. *Materialismen* vil lett overmanne oss og hindre oss i å leve for Gud. Ja, det synest som at di betre ein har det, di større er faren for at Gud kjem i bakgrunnen eller blir heilt borte frå livet. Då kjem gjerne óg *rasjonalismen* som held ein borte frå erkjenninga av og trua på Herrens allmakt og hans under. Vi treng å bli medvetne vår eiga haldning til Guds vesen og hans gjerninger og omvende oss frå vantru til audmjuk, trygg og forventningsfull tillit til han.

Ørkenvandring – livsvandring

Ørkenvandringa som blir nemnt i teksten, er ei stor og monumental hending i Israel si historie – og i verdshistoria. Men ho har óg ei djupare mening. Vi har alt nemnt at ho for all framtid minner om Herrens miskunn.

Ho er óg eit bilete på livsvandringa til det einskilde menneske, anten denne er tung og byrdefull eller jamnare og lettare. Som Herren var med israelittane gjennom den «uendelege» og ugjestmilde ørkenen, er han med gjennom livets skiftande tilhøve hos den som held seg til han. Som ørkenvandringa førte israelittane fram til fedrane sitt land, fører livsvandringa fram til himmellandet for alt Herrens folk av Jesustruande jødar og ikkje-jødar.

Tenesta undervegs

Gjennom denne livsvandringa er vi kalla til å få med oss så mange vi kan mot himmelmålet. Gud byggjer heile tida sitt rike, og han bruker oss som medarbeidarar! Det går ikkje alltid utan motstand. Slik byggjinga av både templet og bymuren i Jerusalem den gongen var ein åndeleg kamp, vil óg evangeliet i dag provosere til åndskamp. Då må vi hugse at her óg er Herren den sterkaste og går foran oss med sine under. Han bryt igjennom motstanden både frå jødar, og heidningar.

Jødane i dag er eit samansett folk som Gud nok ein gong har ført tilbake til Landet, dog ikkje alle, - enno. Mange trur på Gud og stolar på at han fiksar eit under for dei når dei treng det, og nokre av desse ventar framleis på at Gud skal sende Messias. Andre bryr seg ikkje så mykje eller erklærer seg like godt som ateistar.

Dei treng alle å møte Jesus som den Messias Det gamle testamente med offerteneste og profetiar peikar fram imot. Det gjeld jo óg alle andre menneske i denne verda.

Ellen Raen

Utdanna lærar. Misjonssekretær i Sørlandet krins av Den Norske Israelsmisjon.

sorlandet@israelmisionen.no